

## KUNDEAVTALE FOR YTING AV INVESTERINGSTENESTER

Verdipapirføretaket:  
SpareBank 1 Sogn og Fjordane  
Org. nr. 946 670 081  
Postboks 113, 6801 Førde  
Kundesenter@ssf.no  
Telefon 57 82 97 00 / Telefaks 57 82 97 01

Kunden	
Person.nr./Org.nr.	
Føretaket sitt LEI (Aktuelt ved aksjehandel og rente- og valutahandel)	
Kontaktinformasjon	Banken nyttar til ei kvar tid kontaktinformasjon registert i verdipapirføretaket (Banken).

### Investeringstenester og klassifisering

Denne avtalen gjeld der SpareBank 1 Sogn og Fjordane, nedanfor kalla Banken, yter investeringstenester. Kundane i Banken vert klassifiserte som ikkje-profesjonelle kundar, såframt dei ikkje oppfyller vilkåra som kvalifiserte motpartar.

Banken har ikkje plikt til å gjennomføre føremålstenelegtest ved ordreformidling som skjer på kunden sitt initiativ dersom ordren gjeld nærare bestemte ikkje-komplekse produkt som t.d. verdipapirfondsandelar eller børsnoterte aksjar. Det vil seie at Banken ikkje treng vurdere om du har nødvendig erfaring og nødvendig kunnskap til å forstå risikoen som er involvert.

### Informasjon og rapportering

Kunden aksepterer å ta i mot sluttsetel og anna personleg informasjon per e-post eller i nettbankpostkasse.

### Lovregulering og avtalevilkår

Forretningsforholdet mellom kunden og Banken er regulert av verdipapirhandellova med forskrifter, anna relevant lovgjeving, gjeldande forretningsvilkår og særskilte avtalar mellom Banken og kunden.

Ei kvar tid gjeldande avtaler gjeldande under denne kundeavtalen ligg på vår [nettside](#)

### Samtykke til registrering og signatur

#### Kunden samtykker til

- at informasjon som ikkje er retta til kunden personleg kan bli gitt på Banken si heimeside
- Banken si kommunikasjonsform angitt i Alminnelege forretningsvilkår for handel med finansielle instrument punkt 1.2
- at kundeordre kan utførast utanfor regulert marknad eller MHF (multilateral handelsfasilitet) i den grad beste resultat for ordreføring tillet dette

- at opplysningar gitt til Banken og som er undergitt teieplikt kan gis Verdipapirforetakenes Forbunds Etske Råd eller Finansklagenemda, der dette er nødvendig for handsaminga av klagesaker
- at marknadsføringsmateriale og informasjon frå Banken kan skje på Norsk og Engelsk
- at Banken kan utlevere kunde- og personopplysningar til andre avdelingar i banken og samarbeidande produktleverandørar som har tenestlege behov for opplysningane

**Kunden stadfestar ved underteikning på denne kundeavtalen å ha lest og akseptert**

- Banken sine Alminnelege Forretningsvilkår ved handel med finansielle instrument, som inkluderer:
  - Banken sin informasjon om interessekonflikt, kapittel 3
  - Banken sin skildring av kundeklassifisering, kapittel 5
  - Banken sine skildring av føremålstenelegtest og eignaheitstest av kundar, kapittel 6, inkludert at eignaheitstesten vert sendt til kunden etter at ordre er gitt dersom investeringsrådgjeving er gjennomført ved fjernkommunikasjon (telefon eller anna elektronisk kommunikasjon)
- Banken sin informasjon om prisar
- Banken si til en kvar tid gjeldande retningslinjer for ordreutføring og beste resultat
- Banken sitt informasjonsskriv "Informasjon om finansielle instrument og risiko"
- at Banken tar lydopptak av telefonsamtaler i forbindelse med investeringstjeneste, samt at anna kommunikasjon også vert lagra

Gjeldande avtalar og informasjon vil vere tilgjengeleg på våre [nettsider](#)

STAD/DATO:	
KUNDEN:	SPAREBANK 1 SOGN OG FJORDANE